



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 74 L

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i bustøttelova
(handsaming av personopplysningar
og automatiserte avgjerder)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	6.4	Vurderingar frå departementet	15
			6.4.1	Generelt	15
2	Bakgrunnen for lovforslaget	6	6.4.2	Eigna tiltak som sikrar rettane og fridomane til den registrerte	16
3	Høyringa	7	6.4.3	Automatisert handsaming av opplysningar om barn	16
4	Rettslege utgangspunkt for handsaming av personopplysningar	8	7	Handsaming av personopplysningar til forskning, statistikk og analyse	18
4.1	Personvernforordninga	8	7.1	Gjeldande rett	18
4.1.1	Innleiing	8	7.2	Høyringsforslaget	18
4.1.2	Grunnprinsippa i personvernforordninga	8	7.3	Innspel frå høyringsinstansane	18
4.1.3	Krav om handsamingsgrunnlag ...	9	7.4	Vurderingar frå departementet	19
4.1.4	Handsaming av særlege kategoriar av personopplysningar og opplysningar om straffedomar og lovbrøt	9	8	Handsaming av personopplysningar for å teste, drifte og utvikle IT-systema til Husbanken	21
4.1.5	Vidarehandsaming av personopplysningar	10	8.1	Gjeldande rett	21
4.1.6	Heilautomatiserte avgjerder	10	8.2	Høyringsforslaget	21
4.2	Bustøttelova	11	8.3	Innspel frå høyringsinstansane	21
5	Handsaming av personopplysningar til sakshandsaminga	12	8.4	Vurderingar frå departementet	21
5.1	Gjeldande rett	12	9	Økonomiske og administrative konsekvensar	23
5.2	Høyringsforslaget	12	10	Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget	24
5.3	Innspel frå høyringsinstansane	12			
5.4	Vurderingar frå departementet	13			
6	Automatiserte avgjerder	14			
6.1	Gjeldande rett	14			
6.2	Høyringsforslaget	14			
6.3	Innspel frå høyringsinstansane	14			
				Forslag til lov om endringar i bustøttelova (handsaming av personopplysningar og automatiserte avgjerder)	27



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 74 L

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i bustøttelova (handsaming av personopplysningar og automatiserte avgjerder)

*Tilråding frå Kommunal- og distriktsdepartementet 27. mars 2026,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kommunal- og distriktsdepartementet legg med dette fram forslag til endringer i bustøttelova om handsaming av personopplysningar og automatiserte avgjerder.

Departementet foreslår ei ny føresegn i bustøttelova § 8. Den nye føresegna gjer det tydeleg kva for kategoriar av opplysningar som kan handsamast ved sakshandsaming av søknader om bustøtte, medrekna kven det kan handsamast opplysningar om. I tillegg blir det foreslått eit nytt siste ledd som gir departementet ein klar heimel til å regulere nærmare detaljar i forskrift om handsaming av personopplysningar.

Departementet foreslår også ei ny føresegn i bustøttelova § 8 som gir eit tydeleg rettsgrunnlag for heilautomatiserte avgjerder i saker om bustøtte. Føremålet med forslaget er å gi Husbanken ei lovføresegn som sikrar eit klart hand-samingsgrunnlag for heilautomatiserte avgjerder.

Departementet foreslår ein ny § 8 d i bustøtte-lova om handsaming av personopplysningar for

forsking, statistikk og analysar. Føresegna handlar om korleis Husbanken vidarehandsamar opplysningar som stammar frå den statlege bustøtta. Føremålet til Husbanken med handsaminga skal vere forsking, statistikk og analysar for å oppnå føremåla som er nemnde i husbanklova § 1. Departementet foreslår også å lovfeste at Husbanken kan lagre personopplysningar til forskingsføremål. Departementet foreslår at den nye føresegna gir heimel for nærmare regulering i forskrift. Forslaget har som føremål at Husbanken skal kunne handsame og systematisere data og bidra til at krava til handsaming av personopplysningar blir haldne.

Til slutt foreslår departementet ein ny § 8 e i bustøttelova om handsaming av personopplysningar til test, drift og utvikling av IT-systema til Husbanken. Føremålet med den nye føresegna er å klargjere at Husbanken har heimel til å bruke personopplysningar til desse føremåla, men berre dersom ein ikkje kan nå føremålet ved å bruke anonyme eller fiktive opplysningar.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

Bustøtta er ei statleg støtteordning som har som føremål å sikre personar med låg inntekt og høge buutgifter ein eigna bustad. Bustøtta er regulert i lov 24. august 2012 nr. 64 om bustøtte og kommunale bustadtilskot (bustøtteleova) og forskrift 29. november 2012 nr. 1283 om bustøtte. Husbanken treng ei rekke personopplysningar om søkjaren og husstandsmedlemmene til søkjaren for å kunne vurdere om han eller ho oppfyller vilkåra for å få bustøtte. Dei heimlane bustøtteleova har for handsaming av personopplysningar i dag bør vere tydelegare når det gjeld kva for kategoriar av personopplysningar Husbanken kan handsame, og kven som er omfatta av handsaminga. Det er lite føreseieleg for dei registrerte at dette ikkje går direkte fram av føresegnene i bustøtteleova. Departementet meiner det er behov for å gjere dette tydelegare for å oppfylle kravet i personvernforordninga om at handsaminga av personopplysningar skal vere føreseieleg, og for å sikre rettstryggleiken til dei registrerte. Vidare er det behov for å utvide den eksisterande forskriftsheimelen for utlevering av opplysningar, for å legge til rette for meir effektiv og føreseieleg handtering av personopplysningar i tråd med dei gjeldande rettslege krava.

Bustøtta er basert på rettar og blir gitt etter ei månadleg utrekning av inntektene og buutgiftene til søkjaren. Husbanken gjer i periodar i overkant av 1,5 millionar enkeltvedtak i året, og det blir utbetalt om lag 3–4 milliardar kroner årleg i bustøtte. Alle bustøttevedtaka blir gjorde berre ved automatisert handsaming, med unntak av klagehandsaming. Vurderinga av om søkjaren oppfyller vilkåra for bustøtte, og i så fall kor mykje søkjaren har rett på, blir avgjort etter ei matematisk utrekning og utan bruk av skjønn. Kravet til effektiv ressursbruk og behovet for rask sakshandsaming, og dessutan verdien av rett utmåling av støtte, tilseier at det er nødvending at bustøttevedtaka blir gjorde ved automatisert handsaming. Slik automatisert handsaming krev eit særskilt handsamingsgrunnlag etter personvernforordninga artikkel 22. Husbanken har ikkje eit slikt

handsamingsgrunnlag i dag, og det er derfor behov for ei ny lovføresegn som sikrar eit klart handsamingsgrunnlag for heilautomatiserte avgjerder.

Dei digitale systema til Husbanken for handsaming av søknader om bustøtte, «bustøttesystemet», lettar prosessen med å søkje, tildele, administrere og kontrollere søknader om bustøtte. Det er avgjerande at bustøttesystemet til kvar tid er tilgjengeleg, sikkert og nøyaktig, slik at bustøtta kan betalast ut med rett beløp til rett tid. I samband med dette vil det i enkelte tilfelle vere nødvendig å nytte personopplysningar til å halde systemet ved like og forvalte det. Husbanklova § 12 har ei føresegn om bruk av personopplysningar for å teste, søkje etter feil og rette feil i dei digitale sakshandsamingssystema til Husbanken. Sjølv om handsaminga av bustøtte skjer i systema til Husbanken, meiner departementet det er tenleg med ei tilsvarande føresegn om handsaming av personopplysningar til test, drift og utvikling av IT-systema til Husbanken i bustøtteleova.

Husbanken skal vurdere bustøtteordninga opp mot behov og måla for ordninga, og kunne følgje utviklinga over tid. Husbanken har derfor behov for å vidarehandsame dei opplysningane som systematisk blir samla inn som del av sakshandsaminga. Dette gjer ein for å sikre tilstrekkeleg styringsinformasjon og forsvarleg avgjerdsgrunnlag gjennom statistikk og analysar og til bruk i forskning. Dette fører til handsaming av personopplysningar som ikkje nødvendigvis har godt nok heimelsgrunnlag i bustøtteleova slik ho er i dag. For låne- og tilskotssaker har husbanklova § 12 ei føresegn om bruk av personopplysningar for utarbeiding av statistikk og analysar, men ei tilsvarande føresegn manglar i bustøtteleova. Det er behov for å gi Husbanken tilstrekkeleg rettsleg grunnlag for å handsame personopplysningar for å utarbeide statistikk og analysar, slik at Husbanken kan ta hand om forvaltningsansvaret og oppfylle den nasjonale kunnskapsrolla si i samband med den statlege bustøtta.

3 Høyringa

Kommunal- og distriktsdepartementet sende 10. oktober 2024 ut forslag til endringar i bustøtteleova på høyring. Høyringa vart også offentleggjort på regjeringa.no. Forslaget vart sendt til desse høyringsinstansane:

Departementa
Kommunane

Datatilsynet
Finanstilsynet
Forbrukarrådet
Forbrukartilsynet
Husbanken
Husleigetvistutvalet
Konkurransetilsynet
Noregs Bank
Sivilombodet
Statistisk sentralbyrå (SSB)
Statsbygg
Teknologirådet

Nord universitet
Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU)
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU)
Universitetet i Agder (UiA)
Universitetet i Bergen (UiB)
Universitetet i Oslo (UiO)
Universitetet i Stavanger (UiS)
Universitetet i Sørøst-Noreg (USN)
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT)

Boligmentoren

Den Norske Advokatforening
Den norske dataforening
Finans Norge
KS
Leieboerforeningen
Leieboerforeningen i Norge
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Oslo Kommunale Leieboerorganisasjon

Høyringsfristen gjekk ut 10. januar 2025. Departementet fekk inn elleve høyringsfråsegner. Resultatet av høyringa er nærmare omtalt i samband med omtalen av dei enkelte forslaga – sjå punkt 5 til 8 i proposisjonen. Fem instansar har gitt realitetsfråsegn. Desse er:

Datatilsynet
Skatteetaten

Noregs institusjon for menneskerettar (NIM)

Bergen kommune

Kaiehuset

Følgjande instansar har positivt uttrykt at dei ikkje har merknader til høyringa:

Forsvarsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Statistisk sentralbyrå (SSB)

Lindesnes kommune
Sør-Odal kommune

4 Rettslege utgangspunkt for handsaming av personopplysningar

4.1 Personvernforordninga

4.1.1 Innleiing

Personvernforordninga er innlemma i EØS-avtalen og gjord til norsk rett gjennom lov 15. juni 2018 nr. 38 om behandling av personopplysningar (personopplysningsloven). Personvernforordninga skal verne dei grunnleggande rettane og fridomane til fysiske personar ved handsaming av personopplysningar, samstundes som ho skal sikre fri flyt av personopplysningar mellom medlemsstatane.

Personopplysningar er i forordninga definerte som alle opplysningar om ein identifisert eller identifiserbar fysisk person, jf. personvernforordninga artikkel 4 nr. 1. Alle former for handsaming av personopplysningar er omfatta av forordninga. Med «handsaming» meiner ein alle operasjonar eller rekker av operasjonar som blir gjorde med personopplysningar, anten dei er automatiserte eller ikkje, jf. forordninga artikkel 4 nr. 2. Typiske døme på handsaming er innsamling, registrering, lagring, tilpassing, endring, attfinning, bruk, utlevering, samanstilling eller samkøyring og sletting.

Personvernforordninga stiller mellom anna opp grunnleggande prinsipp og vilkår for handsaming av personopplysningar. Den handsamingsansvarlege har ansvaret for at dei grunnleggande prinsippa og vilkåra er oppfylte til kvar tid.

4.1.2 Grunnprinsippa i personvernforordninga

Personvernforordninga artikkel 5 stiller opp dei grunnleggande prinsippa for handsaming av personopplysningar.

Personopplysningar skal handsamast på ein lovleg, rettferdig og open måte med omsyn til den registrerte, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav a. Dette blir omtalt som prinsippet om lovleg, rettferdig og open handsaming. Prinsippet inneber mellom anna at den handsamingsansvarlege må sørgje for at handsaminga har tilstrekkeleg handsamingsgrunnlag i tråd med personvernforordninga artikkel 6.

Føremålsavgrensingsprinsippet inneber at personopplysningar skal samlast inn for spesifikke, uttrykkeleg definerte og rettmessige føremål og ikkje vidarehandsamast på ein måte som ligg utanfor desse føremåla, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b. Denne føresegna slår fast at vidarehandsaming for arkivføremål i allmenta si interesse, for føremål som er knytte til vitenskapleg eller historisk forskning, eller for statistiske føremål ikkje skal reknast for å ligge utanfor dei opphavlege føremåla, så sant handsaminga skjer i samsvar med artikkel 89 nr. 1.

Vidare skal personopplysningar vere adekvate, relevante og avgrensa til det som er nødvendig for føremåla dei blir handsama for, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav c. Dette blir gjerne omtalt som dataminimeringsprinsippet.

Prinsippet om korrekte opplysningar, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav d, inneber for det første at personopplysningar skal vere korrekte og om nødvendig oppdaterte. For det andre må ein setje i verk alle rimelege tiltak for å sikre at personopplysningar som er ukorrekte med omsyn til føremåla dei blir handsama for, utan opphald blir sletta eller retta.

Lagringsprinsippet inneber at personopplysningar skal lagrast slik at det ikkje er mogleg å identifisere dei registrerte i lengre periodar enn det som er nødvendig for føremåla som personopplysningane blir handsama for, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav e. Vidare kan personopplysningar lagrast i lengre periodar dersom dei berre vil bli handsama for arkivføremål i allmenta si interesse, for føremål som er knytte til vitenskapleg eller historisk forskning, eller for statistiske føremål, i samsvar med personvernforordninga artikkel 89 nr. 1, så sant det blir gjennomført eigna tekniske og organisatoriske tiltak som krevst etter personvernforordninga for å sikre rettane og fridomane til dei registrerte.

Personopplysningar skal dessutan handsamast på ein måte som sikrar tilstrekkeleg tryggleik for personopplysningane, medrekna vern mot uautorisert eller ulovleg handsaming og mot utilsikta tap, øydelegging eller skade, ved bruk av eigna

tekniske eller organisatoriske tiltak, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav f. Dette kan omtalast som prinsippet om integritet og konfidensialitet.

Til slutt blir det i ansvarsprinsippet i artikkel 5 nr. 2 slått fast at den handsamingsansvarlege er ansvarleg for og skal kunne påvise at dei seks grunnleggjande prinsippa som er gjorde greie for ovanfor, blir følgde.

4.1.3 Krav om handsamingsgrunnlag

For å kunne handsame personopplysningar lovleg krevst det eit handsamingsgrunnlag. Før ein set i verk ei handsaming av personopplysningar, må det identifiserast og ligge føre eit handsamingsgrunnlag. Det finst seks alternative handsamingsgrunnlag, som er definerte i personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav a til f. Når Husbanken skal handsame personopplysningar i samband med bustøtta, vil det relevante handsamingsgrunnlaget vere personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav e. Føreseigna gir grunnlag for å handsame personopplysningar når «behandlingen er nødvendig for å utføre en oppgave i allmennhetens interesse eller utøve offentlig myndighet som den behandlingsansvarlige er pålagt». Handsaminga kan berre finne stad i den grad ho er nødvendig for å utføre ei slik oppgåve eller utøve slik offentlig myndighet.

For å støtte seg på handsamingsgrunnlaget i personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav e krevst det eit såkalla supplerande rettsgrunnlag. Det følgjer av personvernforordninga artikkel 6 nr. 3 at grunnlaget for handsaminga som er nemnd i bokstav e, skal fastsetjast i unionsretten eller den nasjonale retten i medlemsstaten som den handsamingsansvarlege er underlagd. Når det gjeld handsaminga som er nemnd i nr. 1 bokstav e, skal handsaminga vere nødvendig for å utføre ei oppgåve i allmenta si interesse eller utøve offentlig myndighet som den handsamingsansvarlege er pålagd. Unionsretten eller den nasjonale retten i medlemsstatane skal oppfylle eit mål i allmenta si interesse og stå i eit rimelig forhold til det rettmessige målet ein søker å oppnå.

I Prop. 56 LS (2017–2018) punkt 6.3.2 skriv Justis- og beredskapsdepartementet følgjande om dei formelle krava til supplerande rettsgrunnlag:

«Etter departementets syn må det legges til grunn at i alle fall lov- og forskriftsbestemmelser kan utgjøre supplerende rettsgrunnlag. Departementet antar at også vedtak fattet i

medhold av lov eller forskrift omfattes, ettersom det også i disse tilfellene foreligger et lov- eller forskriftsgrunnlag.»

Same stad i forarbeida skriv departementet følgjande om krav til innhaldet i det supplerande rettsgrunnlaget:

«For behandling etter bokstav e kreves det etter ordlyden kun at formålet med behandlingen skal være nødvendig for å utføre en oppgave i allmennhetens interesse eller utøve offentlig myndighet, noe som kun er en gjentakelse av ordlyden i bokstav e. Det synes derfor å være tilstrekkelig etter ordlyden at det supplerende rettsgrunnlaget gir grunnlag for å utøve myndighet eller å utføre en oppgave i allmennhetens interesse, og at det er nødvendig for den behandlingsansvarlige å behandle personopplysninger for å utøve myndigheten eller utføre oppgaven som følger av det supplerende rettsgrunnlaget.»

I Prop. 56 LS (2017–2018) punkt 6.4 er det også lagt til grunn at kravet til supplerande rettsgrunnlag må tolkast i lys av Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 8 og Grunnlova § 102, jf. også Rt. 2015 s. 93. Grunnlova fastset i § 113 legalitetsprinsippet, som går ut på at inngrep frå styresmaktene overfor den enkelte må ha heimel i lov. Ei inngripande handsaming tilseier strengare krav til utforminga av det supplerande rettsgrunnlaget. Om det ligg føre eit tilstrekkeleg supplerande rettsgrunnlag, er dermed avhengig av ei konkret vurdering, mellom anna av kor inngripande handsaminga av personopplysningar er.

4.1.4 Handsaming av særlege kategoriar av personopplysningar og opplysningar om straffedomar og lovbrøt

Handsaming av særlege kategoriar av personopplysningar, som definert i personvernforordninga artikkel 9 nr. 1, er i utgangspunktet forbode. Slike opplysningar kan likevel handsamast dersom eit av unntaka i artikkel 9 nr. 2 er oppfylt. For Husbanken vil eit relevant unntak kunne vere artikkel 9 nr. 2 bokstav g, som handlar om handsaming som er «nødvendig av hensyn til viktige allmenne interesser, på grunnlag av unionsretten eller medlemsstatenes nasjonale rett som skal stå i et rimelig forhold til det mål som søkes oppnådd, være forenlig med det grunnleggende innholdet i retten til vern av personopplysninger og sikre

egnede og særlege tiltak for å verne den registrertes grunnleggjande rettigheter og interesser».

Handsaming av personopplysningar om straffedomar og lovbrøt eller tilknytte tryggingstiltak på grunnlag av artikkel 6 nr. 1 skal berre utførast under kontroll av ei offentleg myndigheit eller dersom handsaminga er tillaten etter unionsretten eller den nasjonale retten (i medlemsstatane) som sikrar nødvendige garantiar for rettane og fridomane til dei registrerte, jf. personvernforordninga artikkel 10.

4.1.5 Vidarehandsaming av personopplysningar

Som nemnt i punkt 4.1.2 lovfestar forordninga artikkel 5 nr. 1 prinsippet om føremålsavgrensing. Det følgjer vidare av føresegna at det i utgangspunktet er forbode å vidarehandsame opplysningar med føremål som ikkje kan seiast å ligge innanfor det opphavlege føremålet. I tråd med personvernforordninga artikkel 6 nr. 4 kan personopplysningar likevel handsamast for føremål som ligg utanfor dei opphavlege førmåla dersom vidarehandsaminga «bygger på den registrertes samtykke eller på unionsretten eller medlemsstatenes nasjonale rett som utgjer et nødvendig og forholdsmessig tiltak i et demokratisk samfunn for å sikre oppnåelse av målene nevnt i artikkel 23 nr. 1». Det må altså ligge føre eit særskilt rettsgrunnlag for sjølve vidarehandsaminga.

Personopplysningslova §§ 8 og 9 stiller opp nasjonale særreglar for handsaming av personopplysningar for arkivføremål i allmenta si interesse, føremål som er knytte til vitskapleg eller historisk forskning eller statistiske føremål. Paragraf 9 handlar om særlege kategoriar av personopplysningar. Føresegna gjeld også tilsvarende for handsaming av opplysningar om straffedomar og lovbrøt, jf. personopplysningslova § 11 første ledd. Personopplysningslova §§ 8 og 9 handlar berre om handsaming for arkiv-, statistikk- eller forskingsføremål, og ikkje til dømes handsaming for analyseføremål.

Personvernforordninga har ingen særskilde føresegner om bruk av personopplysningar i test, men stiller opp krav om innebygd personvern og personvern som standardløysing i artikkel 25. Bruk av syntetiske testdata i staden for reelle data vil vere eit viktig bidrag til å oppfylle desse krava. Med syntetiske testdata meiner ein data som ikkje inneheld personopplysningar som kan knytast til ein identifisert eller ikkje-identifisert person. Dette er fiktive data som er laga med testføremål. Fiktive testdata skal verke realistiske, slik at dei

gir eit best mogleg testresultat. Reelle data, også kalla produksjonsdata, er derimot personopplysningar som kan knytast til ein identifisert eller identifiserbar person. Anonymiserte data er reelle data som er avidentifiserte. Dette vil seie at dataa ikkje lenger kan knytast til éin eller fleire identifiserte eller identifiserbare personar, verken no eller i framtida.

Testar skal gjennomførast på ein måte som gir best mogleg personvern. Det klare rettslege utgangspunktet er derfor at testing skal skje ved bruk av anonymiserte eller aller helst fiktive data. Verksemdar som meiner dei kan argumentere for at det er strengt nødvendig å bruke personopplysningar i test for å sikre eit rett resultat, må derfor ha gode rutinar for å vurdere og dokumentere vala sine. Ved sida av å vurdere om det er nødvendig å bruke personopplysningar, skal ein mellom anna vurdere om verksemda har rettsleg grunnlag for å bruke personopplysningar i test. Vidare skal også dei andre grunnleggjande prinsippa og krava i personvernregelverket vurderast, medrekna prinsippet om dataminimering, føremålsavgrensing, oppfyljinga av rettane til dei registrerte og kravet om informasjonstryggleik.

4.1.6 Heilautomatiserte avgjerder

Personvernforordninga artikkel 22 utgjer ei rettsleg avgrensing i kva tilgang forvaltninga har til å automatisere sakshandsaminga. Føresegna stiller som utgangspunkt opp eit forbod mot å ta visse automatiserte avgjerder. Sjølv om artikkel 22 nr. 1 etter ordlyden gir uttrykk for «en rett» for den enkelte til ikkje å vere gjenstand for slike avgjerder, følgjer det av praksis frå EU-domstolen at artikkel 22 skal forståast som eit forbod, jf. EU-domstolen sin dom i sak C-634/21 *SCHUFA Holding* avsnitt 52.

For at ei avgjerd skal vere omfatta av forbodet i artikkel 22, må det ligge føre «en avgjørelse som utelukkende er basert på automatisert handsaming, herunder profilering, som har rettsvirkning for eller på tilsvarende måte i betydelig grad påvirker vedkommende».

Ordlyden tilseier at ein kan stille tre overordna vilkår. For det første må det takast ei avgjerd. For det andre må avgjerda berre vere basert på automatisert handsaming. For det tredje må avgjerda anten ha rettsverknad for individet eller på tilsvarende måte i vesentleg grad påverke vedkommande. I punkt 71 i fortalen til personvernforordninga blir det trekt fram at «et automatisk avslag på en søknad om kreditt på internett eller e-rekruttering uten menneskelig inngripen» vil vere

eit døme på ei automatisk individuell avgjerd. Utover dette gir personvernforordninga noko avgrensa rettleiing rundt kva som skal reknast som ei slik avgjerd.

Etter artikkel 22 nr. 2 bokstav a til c er det tre unntak som kan gjerast frå forbodet i artikkel 22 nr. 1. Etter bokstav a og c kan det gjerast unntak dersom den automatiserte avgjerda anten er nødvendig for å inngå eller oppfylle ein avtale mellom den registrerte og ein handsamingsansvarleg, eller dersom avgjerda er basert på eit uttrykkeleg samtykke frå den registrerte. Unntaka i bokstav a og c er i liten grad aktuelle for utøving av offentlig myndigheit og blir ikkje omtalte nærmare i det følgjande.

Etter bokstav b kan det gjerast unntak frå artikkel 22 nr. 1 dersom avgjerda er tillaten etter den nasjonale retten (i medlemsstatane) som den handsamingsansvarlege er underlagd, så sant det er fastsett «egne tiltak for å verne den registrertes rettigheter, friheter og berettigede interesser». Etter punkt 71 i fortalen bør slike garantiar omfatte spesifikk informasjon til den registrerte og rett til menneskeleg inngrep, til å uttrykke synspunkt, til å få ei forklaring på avgjerder som er tekne etter automatisert handsaming, og til å klage over avgjerda.

Etter artikkel 22 nr. 4 kan automatiserte avgjerder ikke bygge på «særlige kategorier personopplysninger», med mindre handsaminga er nødvendig av omsyn til «viktige allmenne interesser» etter artikkel 9 nr. 2 bokstav g og det er innført eigna tiltak for å verne rettane, fridomane og dei rettmessige interessene til den registrerte.

Særleg om handsaming av personopplysningar om barn

Utgangspunktet etter forordninga er at barn og vaksne har same rettar i samband med handsaming av personopplysningar. Forordninga inneheld enkelte spreidde artiklar og fortalepunkt om handsaming av personopplysningane til barn, men gir inga samla einskapleg regulering av temaet.

Fortalepunkt 38 i forordninga slår fast at personopplysningane til barn på generelt grunnlag fortener eit særleg vern, ettersom barn kan vere mindre bevisste på aktuelle risikoar, konsekven-

sar og garantiar, og på dei rettane dei har når det gjeld handsaming av personopplysningar.

Reglane om automatisering i artikkel 22 skil ikkje mellom vaksne og barn. I punkt 71 i fortalen blir det gitt uttrykk for at heilautomatiserte avgjerder ikkje bør gjelde barn. Fordi denne formuleringa ikkje er avspegla i sjølve artikkelen, kan ein gå ut frå at det ikkje er eit absolutt forbod mot denne forma for handsaming i samband med barn.

Artikkel 29-gruppa, det tidlegare rådgivande EU-organet i personvernspørsmål som nå er avløyst av Det europeiske personvernråd (EDPB), tilrår at handsamingsansvarlege som hovudregel ikkje bør vise til unntaka i artikkel 22 nr. 2 for barn, sjå *Guidelines on Automated individual decision-making and Profiling for the purposes of Regulation 2016/679*. Der kjem det vidare fram at det kan vere visse situasjonar der det er nødvendig å ta heilautomatiserte avgjerder som har rettsverknad for eller på tilsvarande måte vesentleg påverkar barn, til dømes for å verne om velferda deira. I så fall kan handsaminga gjerast mellom anna etter unntaket i artikkel 22 nr. 2 bokstav b. I desse tilfella må den handsamingsansvarlege fastsetje eigna tiltak som effektivt vernar rettane og dei legitime interessene til barnet. Departementet legg dette til grunn.

4.2 Bustøttelova

Bustøttelova og tilhøyrande forskrift om bustøtte regulerer vilkåra for tildeling og utrekning av den statlege bustøtta, og gir nærmare reglar om gjennomføring og forvaltning av ordninga. Paragrafane 8 til 8 c i lova regulerer handsaming av personopplysningar i tilknytning til bustøtte. Føresegna i § 8 regulerer innhenting og handsaming av personopplysningar for sakshandsaminga av bustøtte. Det blir gjort greie for det nærmare innhaldet i føresegna i punkt 5.1. Føresegnene i §§ 8 a og 8 b regulerer masseinnhenting av opplysningar for kontrollføremål, mens § 8 c regulerer innhenting av opplysningar frå tredjeperson for kontroll i enkeltsaker. Føresegnene vart vedtekne før personvernforordninga vart inkorporert i norsk rett i 2018.

5 Handsaming av personopplysningar til sakshandsaminga

5.1 Gjeldande rett

Etter bustøtteleova § 8 første ledd første punktum kan Husbanken og kommunane utan hinder av teieplikt pålegge nærmare definerte instansar å levere ut opplysningar som er nødvendige for å kontrollere om vilkåra for å få bustøtte er oppfylte eller har vore oppfylte. Det kan vere opplysningar om til dømes inntekt, formue og buutgifter. Det går fram av Prop. 75 L (2014–2015) punkt 6.2 at føresegna omfattar handsaming av «sensitive personopplysningar», noko som i dag vil svare til opplysningar som er omfatta av personvernforordninga artikkel 9 og 10 (til dømes høvesvis helseopplysningar eller opplysningar om straffedomar og lovbrøt). Føresegna omfattar også handsaming av opplysningar om medlemmer av husstanden til søkjaren, jf. Prop. 76 L (2011–2012) side 16.

Opplysningane kan hentast inn direkte frå instansane som er nemnde i § 8 første ledd første punktum, utan samtykke frå den det gjeld, jf. andre punktum. Den som blir pålagd å gi opplysningar i medhald av § 8, kan ikkje krevje godtgjering for dette, jf. tredje punktum. Fjerde og femte punktum presiserer at informasjonsplikta i personvernforordninga artikkel 14 gjeld, og at reglane om bevisfritak i tvistelova §§ 22-8 og 22-9 gjeld tilsvarende.

Ifølgje § 8 andre ledd kan departementet med forskrift eller i enkelttilfelle samtykke til at opplysningane frå bustøttere registeret kan bli brukte av andre offentlege styresmakter, når allmenne interesser tilseier det.

5.2 Høyringsforslaget

For å tydeleggjere kva for kategoriar av personopplysningar Husbanken og kommunane kan hente inn og handsame, og kven som er omfatta av handsaminga, foreslo departementet at det i nytt første ledd i § 8 blir fastsett at Husbanken og kommunane kan hente inn og handsame personopplysningar, inkludert personopplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10, når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter bustøtteleova. Departementet foreslo også at det

blir fastsett uttrykkeleg i føresegna at tilgangen til å hente inn og handsame opplysningar omfattar nødvendige opplysningar om andre husstandsmedlemmer. Departementet presiserte at endringane ikkje innebar ei utviding av heimelsgrunnlaget, men at det berre var ei tydeleggjering av det som allereie følgjer av forarbeida til lova.

Departementet foreslo å føre vidare dagens § 8 første ledd utan endringar i nytt andre ledd. Vidare foreslo departementet eit nytt tredje ledd i § 8 om automatisert sakshandsaming. Det er gjort nærmare greie for dette forslaget i punkt 6.

For å sikre at Husbanken kan handtere personopplysningar på ein effektiv og rettssikker måte, foreslo departementet å utvide forskriftsheimelen i bustøtteleova § 8 andre ledd, slik at han også dekker innhenting, vidarehandsaming og anna handsaming av personopplysningar frå andre kjelder enn den statlege bustøtta. Dette vart foreslått i nytt fjerde ledd i § 8.

5.3 Innspel frå høyringsinstansane

To høyringsinstansar har uttalt seg om forslaga. Desse er *Datatilsynet* og *Noregs institusjon for menneskerettar (NIM)*.

Datatilsynet støttar i all hovudsak vurderingane frå departementet om personvernregelverket og meiner det er positivt at handsaminga av personopplysningar får eit tydelegare rettsleg grunnlag, og at dei registrerte samstundes får ein meir føreseieleg situasjon.

NIM meiner det bør vurderast om det eksplisitt bør gå fram av føresegna kva for opplysningar som kan handsamast om husstandsmedlemmene. Vidare meiner *NIM* at føresegna også kan heimle handsaming av sensitive opplysningar om husstandsmedlemmene, slik som at dei er inne til soning eller har status som ung ufør. *NIM* peiker på at det er tale om ganske omfattande handsaming av personopplysningar, og at dei foreslåtte reglane må sjåast opp mot det menneskerettslege vernet om den enkelte sin rett til privatliv, og etterlyser ei nærmare vurdering av korleis tiltaka står seg opp mot menneskerettane.

5.4 Vurderingar frå departementet

Etter ei heilskapleg vurdering held departementet forslaga til lovendringar ved lag, men med ei mindre endring utan materiell betyding.

Slik departementet vurderer det, er det tenleg å gjere det tydeleg i nytt første ledd i bustøttelova § 8 at Husbanken og kommunen kan handsame personopplysningar, medrekna opplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10, og opplysningar om husstandsmedlemmene til søkjaren, når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter bustøttelova. Innhaldet i dagens § 8 første ledd blir uendra, men blir flytta til nytt andre ledd.

Endringa i nytt første ledd sikrar Husbanken og kommunane ein klar heimel til å handsame personopplysningar. Departementet meiner ei slik tydeleggjering i lovtekst oppfyller kravet i personvernforordninga om at handsaminga skal vere føreseieleg, og sikrar rettstryggleiken til dei registrerte i samband med handsaminga av bustøttesøknader. Ei slik avklaring vil også sikre at handsaminga av personopplysningar skjer i samsvar med krava i lova.

Departementet understrekar at denne heimelen også gir Husbanken og kommunane tilgang til å *hente inn* dei nemnde personopplysningane for å utføre oppgåver etter bustøttelova. Innhenting er ei form for handsaming av personopplysningar. Departementet meiner derfor det ikkje er grunn til å framheve innhentinga særskild i lovteksten.

Når det gjeld behovet for ei nærmare presisering i føreseigna av kva for opplysningar som kan handsamast, meiner departementet at ytterlegare regulering i forskrift vil vere tilstrekkeleg. Departementet viser til at lovteksten gir dei viktige ytre rammene for handsaminga, både ved å avgrense føremålet til gjennomføring av oppgåver etter lova og ved å stadfeste kravet om at handsaminga må vere nødvendig. Det vil inkludere opplysningar som er nødvendig for å kontrollere om vilkåra for å få bustøtte er oppfylte eller har vore oppfylte i tilbakelagde periodar, medrekna opplysningar som blir brukte til å rekne ut bustøtta. Kva for opplysningar det er snakk om i kvar enkelt sak må alltid vurderast individuelt. Berre personopplysningar som er relevante, adekvate og nødvendige for saka, kan handsamast, og det skal ikkje handsamast fleire personopplysningar enn nødvendig. Vurderinga av kva som er relevante, adekvate og

nøverdige opplysningar, vil måtte gjerast i lys av utgreiingsplikta til forvaltninga og kravet om at saka skal vere så godt opplyst som mogleg. Utgreiingsplikta i forvaltningsloven § 17 gjeld når Husbanken eller kommunen gjer enkeltvedtak etter bustøttelova.

Når det gjeld uro for at heimelen gir ein vidtrekkande tilgang til å handsame sensitive opplysningar, gjer departementet merksam på at desse opplysningane allereie blir handsama etter regelverket i dag og inngår i sakshandsaminga av bustøtte. Endringa i nytt første ledd inneber derfor inga utviding av heimelsgrunnlaget til Husbanken og kommunane, men gjer at det som følgjer av forarbeida til bustøttelova, kjem tydelegare fram. Departementet meiner at forslaget ligg godt innanfor rammene av Grunnlova § 102, EMK artikkel 8 og barnekonvensjonen artikkel 16. Dei tre føresegnene krev samsvar mellom kontrolltiltaka og føremålet. Departementet presiserer at ein må sjå forslaget i samanheng med dei oppgåvene Husbanken og kommunane blir pålagde, og som føreset at dei må handsame personopplysningar. I tillegg set lovteksten som nemnt viktige ytre rammer for handsaminga av personopplysningar. Departementet meiner den foreslåtte heimelen ikkje går lenger enn det som er nødvendig, og at det er rimeleg samsvar mellom mål og middel.

Departementet legg til at Husbanken ikkje samlar inn strukturerte data av type personopplysningar som nemnt i artikkel 10 i bustøttesystemet i dag. Det er heller ikkje avdekt eit behov for å nytte denne typen opplysningar til forskning, statistikk og analyse.

For å sikre at Husbanken kan handtere personopplysningar på ein effektiv og rettssikker måte, meiner departementet at det er nødvendig å utvide den eksisterande forskriftsheimelen i bustøttelova § 8 slik at han også dekker innhenting, vidarehandsaming og anna handsaming av personopplysningar frå andre kjelder enn den statlege bustøtta. Det er meir tenleg å regulere slike detaljar i forskrift enn i lov, fordi dette gir større fleksibilitet til å tilpasse regelverket etter behov, samstundes som det gir ei tydeleg regulering av dei rammene Husbanken har for handsaming av personopplysningar. Forskriftsheimelen i nytt fjerde ledd i § 8 vil legge til rette for ei meir effektiv og føreseieleg handtering av personopplysningar i tråd med gjeldande rettslege krav.

6 Automatiserte avgjerder

6.1 Gjeldande rett

Personvernforordninga artikkel 22 regulerer kva tilgang forvaltninga har til å ta heilautomatiserte avgjerder når forvaltninga handsamar personopplysningar, sjå punkt 4.1.6.

Ny forvaltningslov, som vart vedteken av Stortinget i juni 2025 (ikkje sett i kraft per mars 2026), presiserer i § 11 tredje ledd at eit forvaltningsorgan må ha «særleg hjemmel» for å ta automatiserte avgjerder som er omfatta av personvernforordninga artikkel 22.

Bustøtteleva og forskrift om bustøtte inneheld ikkje føresegner som regulerer kva tilgang Husbanken har til å ta heilautomatiserte avgjerder om bustøtte. Husbanklova gir heller ikkje heimel for å regulere heilautomatiserte avgjerder på bustøtteområdet.

6.2 Høyringsforslaget

Sakshandsaminga til Husbanken av søknader om bustøtte er heilautomatisert, med unntak av klagehandsaming. Departementet foreslo derfor eit særskilt rettsgrunnlag for automatisert sakshandsaming i nytt tredje ledd i bustøtteleva § 8. I første punktum får Husbanken ein alminneleg tilgang til å ta avgjerder om bustøtte som berre er basert på automatisert handsaming av personopplysningar, inkludert personopplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10. Det går fram av andre punktum at handsaminga må sikre parten sitt krav til forsvarleg sakshandsaming og ikkje bryte med retten til vern av personopplysningar. Av tredje punktum går det fram at avgjerda ikkje kan bygge på skjønnsmessige vilkår i lov eller forskrift, med mindre avgjerda er utvilsam. Fjerde punktum fastset at den registrerte har rett til manuell overprøving av avgjerda.

6.3 Innspel frå høyringsinstansane

Fire høyringsinstansar har uttalt seg om forslaga. Desse er *Bergen kommune*, *Datatilsynet*, *Kaiehuset* og *Noregs institusjon for menneskerettar (NIM)*.

Bergen kommune støttar at det blir gitt ein klar lovheimel for automatiserte avgjerder, og at søkjar sin rett til manuell overprøving blir styrkt ved at han blir forankra i lov. Kommunen støttar også tilleggskravet om at den heilautomatiserte avgjerda ikkje kan bygge på skjønnsmessige vilkår, med mindre avgjerda er utvilsam. Kommunen ber om at departementet er bevisst på at kommunar med eigne bustøtteordningar også skal kunne ta automatiserte avgjerder.

Datatilsynet meiner forslaget er godt grunngitt og meiner det er i tråd med anna liknande lovregulering.

Kaiehuset stiller spørsmål ved om like løysingar er rettferdige. *Kaiehuset* gir uttrykk for at det er behov for ei meir individuell vurdering av behovet til bustøttemottakarar.

NIM meiner at heimelen i nytt tredje ledd i § 8 gir vidtrekkande tilgang til å handsame opplysningar, medrekna sensitive opplysningar som nemnt i forordninga artikkel 9 og 10. *NIM* peiker på at departementet ikkje har opplyst i kor mange saker det kan vere relevant å handsame opplysningar om straffedomar og lovbrøt. Dersom det er slik at det berre er tale om nokre få saker, meiner *NIM* ein bør grunngi nærmare kvifor slike sensitive opplysningar skal handsamast ved automatisert handsaming. Vidare meiner *NIM* at omgrepet «utvilsamt» i seg sjølv er subjektivt, og dermed uklart. *NIM* peiker også på at lovforslaget ikkje presiserer at alle vurderingspunkta som ligg til grunn for ei avgjerd, må vere utvilsame. Slik *NIM* ser det, bør det gjerast tydeleg kva for opplysningar om barn som skal kunne handsamast, og korleis dette står seg mot rettane til barn.

6.4 Vurderingar frå departementet

6.4.1 Generelt

Etter ei heilskapsvurdering held departementet i hovudsak forslaget til lovendring ved lag, men med nokre endringar. Departementet konstaterer at forslaget om å gi eit særskilt rettsgrunnlag for heilautomatiserte avgjerder i sakshandsaminga til Husbanken av bustøttesøknader har fått støtte i høyringa, samstundes som enkelte sider av forslaget må vurderast nærmare.

Automatisering av avgjerdsprosessar kan gi store effektivitetsgevinstar, for både Husbanken og søkjaren, spesielt når saksmengda er så stor. Automatisering kan vidare bidra til auka likehandsaming, sidan alle som er i same situasjon etter kriteria til systemet, automatisk blir handsama likt. Automatisering gir ein konsekvent bruk av regelverket og bidrar til å sikre lik praksis i forvaltninga. Vidare kan automatisert sakshandsaming bidra til å sikre at dei forvaltningsrettslege krava til sakshandsaming blir etterlevde, og sikre rettane og pliktene til søkjarane. Departementet understrekar at automatisering ikkje endrar vilkåra for kven som kvalifiserer til bustøtte, og at det framleis blir gjort ei individuell vurdering av dei konkrete forholda i kvar enkelt sak.

Som det går fram av utgreiinga i punkt 4.1.6, stiller personvernforordninga artikkel 22 nr. 1 opp eit forbod mot avgjerder som berre er baserte på automatisk handsaming. Etter artikkel 22 nr. 2 gjeld forbodet likevel ikkje dersom avgjerda er omfatta av eit av dei uttømmende unntaka i bokstav a til c i føresegna. Departementet meiner at heilautomatiserte avgjerder i bustøttesaker ikkje kan baserast på unntaket for avtale etter bokstav a eller på samtykke etter bokstav c. Bustøtte er ei lovregulert yting som er basert på rettar, og forholdet mellom Husbanken og bustøttemottakaren er ikkje avtalebasert. Samtykke er heller ikkje rekna som eit eigna grunnlag for å tillate heilautomatiserte avgjerder i bustøttesaker, mellom anna fordi styrkeforholdet mellom stat og innbyggjar er så skeivt at samtykket vanskeleg kan reknast som frivillig. Ei manuell handsaming av søknader om bustøtte vil vere meir tidkrevjande og resultere i ei seinare utbetaling av ytinga. Den økonomiske situasjonen til bustøttemottakarar tilseier at eit samtykke i realiteten i liten grad kan reknast som frivillig, når alternativet er at dei får stønaden betalt ut seinare.

Departementet legg derfor til grunn at tilgangen til heilautomatiserte avgjerder i bustøttesaker bør heimlast i nasjonal lovgiving, jf. person-

vernforordninga artikkel 22 nr. 2 bokstav b. Forslaget til ny § 8 tredje ledd i bustøttelova skal gi eit tilstrekkeleg klart rettsleg grunnlag for slike avgjerder.

Forslaget bygger på at bustøttevedtak er baserte på rettar og blir gjorde på grunnlag av faste og objektive kriterium, utan bruk av skjønn. Reguleringa tek omsyn til særpreget i ordninga og legg til rette for effektiv og forsvarleg forvaltning, samstundes som ho sikrar omsynet til rettstryggleiken til den registrerte. Departementet foreslår derfor at det blir gitt ei lovføresegn i første punktum i nytt tredje ledd i bustøttelova § 8 som uttrykkeleg tillèt at det blir teke avgjerder som berre er baserte på automatisert handsaming av personopplysningar. Den automatiserte avgjerda er høvesvis eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven og ei avgjerd som har «rettsvirkning for eller på tilsvarende måte i betydelig grad påvirker» nokon og som derfor oppfyller vilkåra i personvernforordninga § 22 nr. 1.

Departementet foreslår vidare at særlege kategoriar av personopplysningar etter personvernforordninga artikkel 9 og artikkel 10 kan inngå i avgjerda. Etter forordninga kan ikkje automatiserte avgjerder bygge på særlege kategoriar av personopplysningar med mindre handsaminga er nødvendig av omsyn til «viktige allmenne interesser» etter artikkel 9 nr. 2 bokstav g, jf. artikkel 22 nr. 4. Samstundes må det vere innført eigna og særlege tiltak for å verne dei grunnleggande rettane, fridomane og rettmessige interessene til den registrerte. Departementet legg til grunn at effektiv sakshandsaming i Husbanken og kommunen er omfatta av «viktige allmenne interesser», sml. Prop. 135 L (2019–2020) punkt 5.3.3.

Departementet vil i denne samanhengen presisere at handsaminga av opplysningar etter artikkel 9 er avgrensa til objektive kriterium og opplysningar som er nødvendige for å avgjere rett til bustøtte, slik som opplysningar om uførestatus eller spesialtilpassing av bustad, og berre blir nytta dersom det er strengt nødvendig. Desse opplysningane blir allereie handsama etter dagens regelverk og inngår i sakshandsaminga av bustøtte. Per i dag er ikkje opplysningar etter artikkel 10 (det vil seie opplysningar om straffedomar og lovbrøt) ein del av den automatiserte handsaminga. I samband med sakshandsaminga vil det i nokre få tilfelle vere nødvendig å avklare om søkjaren sonar ein kort eller lang dom. Dette kan vere tilfelle der det skal vurderast om søkjararen skal kunne behalde bustøtta under kortvarig soning, eller handtering av ei sak der ein husstandsmedlem er inne til soning. *NIM* peiker på at

departementet ikkje har opplyst kor mange saker det er tale om. Det er vanskeleg å gi eit presist svar på kor mange saker det gjeld, men det er tale om få saker i forhold til det totale omfanget av saker (kanskje omtrent 100 saker i året). Like fullt vil denne typen opplysningar vere ein del av avgjerdsgrunnlaget i dei sakene det gjeld. Departementet meiner derfor at det er grunn til at ei tilvising til artikkel 10 blir teken inn i føresegna, for å opne opp for at dette i nær framtid kan automatiserast.

Bergen kommune meiner det er viktig at departementet er bevisst på at kommunar med eigne bustøtteordningar også skal kunne ta automatiserte avgjerder. Departementet presiserer at den foreslåtte heimelen for automatisert handsaming av bustøttesøknader berre gjeld handsaminga av statleg bustøtte i Husbanken. Lovforslaget vil ikkje ha nokon praktisk konsekvens for kommunar med eigne kommunale bustøtteordningar. Slike ordningar er forankra i kommunale forskrifter, retningslinjer eller liknande. Dersom kommunane har behov for å regulere automatisering av slike ordningar, må dette forankrast i det regelverket som gjeld for kommunale bustøtteordningar. Departementet gjer elles merksam på at bustadsosiallova § 8 gir kommunane heimel til å handsame personopplysningar i samband med kommunal bustøtte, jf. Prop. 132 L (2021–2022) side 81, og at forskrift om bustøtte § 12 gir heimel til å levere ut opplysningar som er nødvendige for forvaltninga av kommunale bustøtteordningar.

6.4.2 Eigna tiltak som sikrar rettane og fridomane til den registrerte

Departementet foreslår nokre endringar i nytt tredje ledd i § 8, samanlikna med forslaget som vart sendt til høyring, slik at ordlyden i større grad samsvarer med den i ny forvaltningslov § 11.

Endringane inneber at føresegna ikkje inneheld vilkår om at «[a]vgjerda kan ikkje bygge på skjønnsmessige vilkår i lov eller forskrift, med mindre avgjerda er utvilsam». Dette har ingen materiell verknad for handsaminga av bustøttesøknader, fordi det uansett er det underliggende regelverket med objektive kriterium som ligg til grunn for handsaminga. Dessutan er departementet einig med *NIM* i at eit krav om at avgjerda må vere «utvilsam», kan skape uklare situasjonar.

Vidare foreslår departementet at det i andre punktum i nytt tredje ledd i § 8 blir formulert eit krav om at «[h]andsaminga må oppfylle krava som elles blir stilte til sakshandsaminga». Ein føresetnad for at forvaltningsorgan kan automati-

sere sakshandsaminga, er at automatiseringa kan skje innanfor rammene som lovgivinga elles stiller opp. Både forvaltningsloven og bustøttelova vil setje rammer for, stille krav til, avgrense eller på andre måtar verke inn på kva tilgang og høve eit forvaltningsorgan har til å automatisere sakshandsaminga. Slik departementet ser det, har det ein pedagogisk verdi å framheve dette uttrykkeleg i føresegna. Departementet foreslår å halde på kravet om at handsaminga må vere i «samsvar med retten til vern av personopplysningar». Andre punktum stiller med dette opp konkrete skrankar for sakshandsaminga og krav til avgjerdene, noko som bidrar til å sikre rettane og fridomane til den registrerte.

Departementet foreslår å halde på den foreslåtte regelen om at den registrerte har rett til manuell overprøving av avgjerda, i tredje punktum i nytt tredje ledd i § 8. Skjønsmessige vurderingar blir gjorde manuelt av sakshandsamaren i saksførebuingane hos kommunen, i forkant av den automatiserte handsaminga, eller i etterkant ved klagehandsaming. Dette kan til dømes vere vurderingar av om opphald på institusjon likevel skal gi rett til bustøtte. Departementet vurderer at det er viktig å sikre at avgjerdene kan etterprøvast, og at det er høve til manuell overprøving, slik at rettstryggleiken blir sikra.

Departementet legg til at forskriftsheimelen i nytt fjerde ledd i § 8 opnar for meir spesifikk regulering av automatiserte avgjerder. Dette gir rom for meir fleksibel og spesifikk regulering i forskrift dersom dette blir relevant for særskilde automatiserte avgjerder.

6.4.3 Automatisert handsaming av opplysningar om barn

Automatisert handsaming av opplysningar om barn er avgrensa til nødvendige opplysningar og bygger på objektive kriterium utan skjønsmessige vurderingar. Den automatiserte handsaminga av søknader om bustøtte er nødvendig for å sikre velferda til barnet og er i samsvar med internasjonale tilrådingar om automatiserte avgjerder. Opplysningar om barn blir handsama fordi det har innverknad på utrekninga av bustøtte, jf. forskrift om bustøtte §§ 5 og 7. Opplysningar om barn som blir henta inn frå Folkeregisteret, omfattar namn, fødselsnummer og adresse, for å tilfredsstille krava i forskrift om bustøtte § 10 om kven som blir rekna som medlem av husstanden. Opplysningar om skjerma adresse blir handsama i dei tilfella det er aktuelt. Dette gjeld likevel berre opplysningar som er klassifiserte som fortruleg adresse, der

adressa er sperra for privatpersonar, men tilgjengeleg for offentlege styresmakter. Opplysningar som er klassifiserte som strengt fortrulege, blir ikkje handsama. For barn med delt fast bustad etter barnelova § 36 blir begge foreldra sine adresser registrerte. Inntekt og formue for barn under 18 år inngår ikkje i utrekninga av bustøtte, og

slike opplysningar blir derfor ikkje henta inn frå Skatteetaten. Når barnet fyller 18 år, informerer Husbanken vedkommande om handsaminga av personopplysningar, jf. personvernforordninga artikkel 14. Det blir ikkje handsama opplysningar om helseforholda til barn eller andre særlege kategoriar opplysningar.

7 Handsaming av personopplysningar til forskning, statistikk og analyse

7.1 Gjeldande rett

Bustøttelova har ikkje eigne føresegner som regulerer bruk av personopplysningar til statistikk, analyse og forskning.

Det er personopplysningslova §§ 8 og 9 som er det rettslege grunnlaget for at Husbanken kan bruke personopplysningar som er henta inn med heimel i bustøttelova, til statistikk og forskning. Heimlane i personopplysningslova dekkjer ikkje handsaming for analyseføremål.

7.2 Høyringsforslaget

For å sikre at krava i personvernforordninga er oppfylte, foreslo departementet ein ny § 8 d i bustøttelova som gir Husbanken tilgang til å handsame personopplysningar som er henta inn i medhald av bustøttelova, medrekna opplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9, når det er nødvendig for forskning, statistikk og analyse. Departementet foreslo også ein uttrykkeleg heimel som gir Husbanken tilgang til å lagre personopplysningane til seinare bruk i forskning. Føresegna presiserer at handsaminga skal vere underlagd garantiar som nemnt i personvernforordninga artikkel 89 nr. 1.

Departementet foreslo også ein forskriftsheimel for ytterlegare regulering av utlevering, innhenting, samanstilling og anna handsaming av personopplysningar frå den statlege bustøtta og andre kjelder. Forskriftsheimelen er meint å sikre at Husbanken kan gjennomføre forskning og utarbeide relevant statistikk og analysar, og dermed utøve forvaltningsansvaret sitt og den nasjonale kunnskapsrolla si.

7.3 Innspel frå høyringsinstansane

To høyringsinstansar har uttalt seg om forslaga. Dette er *Noregs institusjon for menneskerettar (NIM)* og *Skatteetaten*.

NIM er positiv til at det blir presisert kva for kategoriar som kan handsamast, men meiner det er uklart om opplysningar om skjerma adresse blir handsama, og korleis heimelen skal lesast opp mot eksisterande regelverk. *NIM* viser til at bustøttelova § 8 a gir departementet heimel til å gi nærmare reglar om innhenting av andre opplysningar, så sant det «ikkje fører til vesentlege personvernkreinkingar». *NIM* spør om dette vil seie at departementet kan bestemme at slike opplysningar også skal kunne handsamast vidare til forskingsføremål. Det blir vidare kommentert at heimelen til lagring av opplysningar blir ganske utstrekt når det ikkje blir gjort greie for kor lenge ein kan ha behov for å lagre opplysningane. *NIM* skriv til slutt at eventuelle føresegner som blir gitt med heimel i forskrift, må oppfylle krav om føremål og vere rimelege etter menneskerettane, der slik handsaming vil innebære eit inngrep i ein verna rett.

Skatteetaten meiner at verken nytt første ledd eller andre ledd i bustøttelova § 8 gir tydeleg rettsleg grunnlag for innhenting av oppdaterte opplysningar om personar som ikkje lenger får bustøtte, for forskings-, statistikk- eller analyseføremål. *Skatteetaten* viser til at ny § 8 d gir Husbanken heimel til å handsame opplysningar som *allereie er innhenta*, når det er nødvendig for forskning, statistikk og analysar. *Skatteetaten* meiner derfor det er uklart heimelsgrunnlag for innhenting av oppdaterte opplysningar om personar som ikkje får bustøtte, der behovet kjem av at det skal gjennomførast analysar av kvifor personar og husstandar fell ut av ordninga. *Skatteetaten* etterspør ei ny vurdering av om lovendringane også dekkjer sjølve innhentinga, og peiker på at for etaten sin del vil det vere eit spørsmål om vilkåra for at *Skatteetaten* kan dele opplysningar, framleis er oppfylte. Etaten stiller også spørsmål ved om personvernkonsekvensane er tilstrekkeleg vurderte for innhenting av opplysningar om personar som ikkje lenger får bustøtte, mellom anna forholdet til vernet om privatliv i Grunnlova og EMK.

7.4 Vurderingar frå departementet

Etter ei heilskapsvurdering held departementet forslaget til ny § 8 d om handsaming av personopplysningar til forskning, statistikk og analyse ved lag.

Husbanken har behov for å bruke innhenta personopplysningar til forskning og utarbeiding av statistikk og analyse for å utøve forvaltningsansvaret sitt, og den nasjonale kunnskapsrolla i tilknytning til den statlege bustøtta. Husbanken har mellom anna behov for å utarbeide tidsseriar som krev at ein til dømes ser opplysningar om mottakarar av bustøtte opp mot inntekststypar eller andre personopplysningar. I samband med bustadsosial forskning og politikkkutvikling blir det også etterspurt kontrafaktiske analysar eller konsekvensanalysar for å kaste lys over spesifikke utfordringar. Det er derfor behov for å kunne lagre personopplysningane som ligg til grunn for vedtaket, også utover tida då opplysningane blir lagra for arkivføremål. Det er derfor behov for eit supplerande rettsgrunnlag som dekkjer fleire føremål, og som samstundes tek omsyn til krava i personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav e, jf. artikkel 6 nr. 3.

Departementet foreslår at det blir presisert i § 8 d første ledd første punktum at Husbanken skal kunne handsame personopplysningane i den grad det er nødvendig for forskning, statistikk og analysar. I tråd med prinsippet om føremålsavgrensing i personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b foreslår departementet også å presisere rekkevidda av heimelen ved å ta inn ei tilvising til oppgåvene til Husbanken etter husbanklova § 1. Etter husbanklova § 1 første og andre ledd skal Husbanken «fremja bustadføremål i samsvar med overordna retningslinjer» og «forvalta bustøtte og låne- og tilskotsordningar og medverka til å utvikla og formidla kunnskap om mål, metodar og resultat innanfor sitt saksområde». Det vil seie at den nye føresegna i bustøtteleva § 8 d berre skal gi Husbanken supplerande rettsgrunnlag for forskning, statistikk og analyse innanfor rammene av oppgåvene til Husbanken på det bustadsosiale feltet, som definert i husbanklova § 1. Forskinga, statistikken og analysane skal derfor mellom anna kunne brukast av Husbanken til å rapportere til kommunar og statlege organ. Husbanken vil til dømes ha behov for å skaffe fram styringsdata som avgjerdsgrunnlag for eiga verksemd og departementa.

Forslaget til ny § 8 d oppfyller også vilkåret i personvernforordninga artikkel 9 nr. 2 bokstav g for handsaming av relevante og nødvendige sær-

lege kategoriar av personopplysningar. Artikkel 9 nr. 2 bokstav g føreset at den nasjonale retten som gir grunnlag for handsaminga av særlege kategoriar av personopplysningar, skal stå i eit rimeleg forhold til det målet ein søker å oppnå, ikkje bryte med det grunnleggjande innhaldet i retten til vern av personopplysningar og sikre eigna og særlege tiltak for å verne dei grunnleggjande rettane og interessene til den registrerte. Departementet foreslår å ta inn ei uttrykkeleg tilvising til personvernforordninga artikkel 9 for å unngå tvil om at slike opplysningar er omfatta.

Vidare skal forslaget til første ledd i ny § 8 d sikre eit klart grunnlag for å lagre opplysningane for seinare bruk i forskning. Kvart føremål må vurderast særskilt, og det skal gjerast ei vurdering av om handsaminga er nødvendig, som også omfattar kor lenge opplysningane kan lagrast, slik at lagringstida ikkje blir lengre enn nødvendig, i tråd med personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav e og artikkel 89 nr. 1.

Departementet understrekar at Husbanken har plikt til å handsame opplysningar om skjerma adresse i samsvar med det gjeldande regelverket, medrekna verneinstruksen. Som nemnt blir det berre handsama opplysningar som er klassifiserte som fortruleg adresse. Handsaminga skjer berre når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter bustøtteleva, i tråd med kravet om at det må vere nødvendig, og prinsippet om dataminimering. Forslaget til § 8 d inneber ingen endringar i korleis desse opplysningane blir handsama, og opnar ikkje for ein utvida tilgang til å bruke opplysningar om personar med skjerma adresse til forskingsføremål.

Når det gjeld korleis heimelen skal lesast opp mot eksisterande regelverk, gir forslaget til § 8 d ein klar heimel for å handsame personopplysningar til forskings-, statistikk- og analyseføremål, men innanfor rammene av personvernforordninga artikkel 89 nr. 1. Dette inneber at det må vere vurdert om handsaminga er nødvendig, om ho er underlagd tilstrekkelege garantiar, og at ho ikkje er meir inngripande enn nødvendig. Føresegna erstattar ikkje, men utfyller, andre relevante regelverk som gjeld handsaming av personopplysningar, medrekna personvernforordninga og forvaltningsloven § 13 d om utlevering av teiepliktige opplysningar til forskning.

Forsking vil, i større grad enn utarbeiding av statistikk og analyse internt i Husbanken, krevje utlevering av opplysningar på ulike måtar til ulike forskarar og forskingsinstansar. Slik departementet vurderer det, er det ikkje behov for ei særskild føresegn om utlevering av opplysningar i

bustøttelova, ettersom utlevering av opplysningar til bruk for forskning er regulert av forvaltningslova § 13 d. Departementet legg til at den foreslåtte forskriftsheimelen i § 8 d andre ledd gir departementet tilgang til å gi nærmare reglar om mellom anna utlevering av personopplysningar frå Husbanken til forskingsføremål, i tillegg til reglar om innhenting av oppdaterte opplysningar, samanstilling av opplysningar og handsaming av opplysningar frå andre kjelder. Slike utdjupande føresegner eignar seg, slik departementet ser det, best i forskrift.

Departementet presiserer at forslaget i § 8 d første ledd direkte berre gir tilgang til å bruke opplysningar som *allereie* er henta inn med heimel i § 8. Departementet presiserer også at opplysningar om tidlegare mottakarar av bustøtte berre kan handsamast dersom dei vart henta inn mens personen fekk støtte. For at Husbanken skal ha god nok kunnskap om kjenneteikna på dei vanskelegstilte på bustadmarknaden over tid, er det også behov for å oppdatere dataa som stammar frå den statlege bustøtta. Innhenting av oppdatert informasjon er ikkje omfatta av § 8 d første ledd.

Dersom det er aktuelt å hente inn oppdaterte opplysningar, må dette fastsetjast i forskrift, med heimel i § 8 d andre ledd, og vurderast opp mot rammene i personvernforordninga artikkel 89 nr. 1. Ei slik regulering i forskrift må vere innanfor rammene av § 8 d første ledd. Då vil forskrifta vere det rettslege grunnlaget for innhentinga av oppdaterte opplysningar.

Dersom departementet fastset forskriftsføresegner om innhenting og handsaming av oppdaterte opplysningar for forskings-, statistikk- og analyseføremål, vil vilkåra for utlevering av opplysningar frå Skatteetaten måtte vurderast særskilt.

Når det gjeld inngrep i rettane og fridomane til dei registrerte, vil eventuelle nye innhentingar måtte vurderast særskilt opp mot krava i EMK artikkel 8, Grunnlova § 102 og personvernforordninga. Forslaget inneber inga endring i dagens regulering av innhenting av opplysningar til oppgåver etter bustøttelova. Slik departementet vurderer det, inneber ikkje forslaget vesentlege eller uforholdsmessige personvernkonsekvensar.

8 Handsaming av personopplysningar for å teste, drifte og utvikle IT-systema til Husbanken

8.1 Gjeldande rett

Husbanklova § 12 har ei føresegn om bruk av personopplysningar for å teste, søkje etter feil og rette feil i dei digitale sakshandsamingssystema til Husbanken. Bustøttelova har ikkje føresegner som direkte regulerer bruk av personopplysningar for å teste, drifte og utvikle IT-systema til Husbanken.

8.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo ein ny § 8 e i bustøttelova om tilgangen Husbanken har til å handsame personopplysningar når det er nødvendig for å teste, drifte og utvikle IT-systema til Husbanken. Husbanken kan bruke dei same personopplysningane som nemnt i forslaget til § 8 d, men berre dersom det er umogleg eller uforholdsmessig vanskeleg å oppnå føremålet ved å bruke anonyme eller fiktive opplysningar.

Departementet foreslo også ein forskriftsheimel for ytterlegare regulering av handsaming av personopplysningar i samband med testing, drift og utvikling.

8.3 Innspel frå høyringsinstansane

To høyringsinstansar har uttalt seg om forslaga. Desse er *Datatilsynet* og *Noregs institusjon for menneskerettar (NIM)*.

Datatilsynet stiller spørsmål ved om forslaget til ny § 8 e er nødvendig. Tilsynet går ut frå at handsaminga vil kunne tolkast som eit nødvendig ledd i tenesteytinga til Husbanken, og at det dermed ligg føre tilstrekkeleg rettsleg grunnlag i det eksisterande lovverket.

NIM er positiv til at departementet foreslår at personopplysningar berre skal brukast til test, drift og utvikling dersom ein ikkje kan oppnå føremålet med anonyme eller fiktive opplysningar. *NIM* meiner derimot at dette ikkje går tydeleg fram av lovteksten som er foreslått. *NIM* viser til

at føresetnaden om dataminimering er snudd på hovudet når det i føresegna står at personopplysningar kan handsamast når det er nødvendig for å teste, drifte eller utvikle IT-systema til Husbanken, berre «dersom det er umogleg eller uforholdsmessig vanskeleg å oppnå føremålet ved å bruke anonyme eller fiktive opplysningar».

8.4 Vurderingar frå departementet

Etter ei heilskapsvurdering held departementet forslaget til ny § 8 e om handsaming av personopplysningar for testing, drift og utvikling ved lag.

Departementet meiner at sjølv om handsaminga vil kunne tolkast som eit nødvendig ledd i tenesteytinga til Husbanken, er det ein fordel med uttrykkeleg rettsleg grunnlag i bustøttelova. Det bør vere klart for dei registrerte korleis personopplysningane deira blir brukte. Eit klart rettsleg grunnlag for bruk av personopplysningar for testing, drift og utvikling av IT-system bidrar til å gjere omfanget av handsaminga ope og føreseieleg for den registrerte i tråd med prinsippet om openheit i personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav a.

Husbanken har behov for å teste, drifte og utvikle dei relevante IT-systema sine. Digitalisering og effektive sakshandsamingssystem er ønskeleg både av samfunnsøkonomiske omsyn og av omsyn til rettstryggleiken til dei som søker om bustøtte. Gode digitale verktøy som blir haldne ved like og oppdaterte, er ein føresetnad for at det blir gjort rette vedtak, og vil dermed komme dei registrerte til gode. Husbanken treng tilgang til produksjonsdata, medrekna personopplysningar, for å teste, drifte og utvikle IT-systemet.

I nokre tilfelle vil feil kunne bli oppdaga og gjenskapte i eit testmiljø som ikkje inneheld produksjonsdata. I desse tilfella er det ikkje nødvendig å handsame personopplysningar, og det er ikkje nødvendig med rettsleg grunnlag. I andre tilfelle er det nødvendig å bruke produksjonsdata, og følgeleg også personopplysningar, til testing, feilsøking og feilretting. Dette vil til dømes vere

nødvendig ved innføring av ny funksjonalitet eller ved endringar i regelverket som påverkar utrekninga av bustøtte. I slike tilfelle har Husbanken behov for å simulere utrekning av bustøtte for éin termin for å sikre at systemet fungerer korrekt under reelle forhold, og at det handterer faktiske brukarscenario på ein påliteleg måte. Husbanken er handsamingsansvarleg og skal alltid vurdere om det er nødvendig å bruke personopplysningar, og om det ligg føre rettsleg grunnlag for bruk av personopplysningar i test.

Det er ønskjeleg at Husbanken i størst mogleg grad nyttar anonyme eller fiktive opplysningar i arbeidet med testing, drift og utvikling av IT-system. Bruk av anonymiserte eller fiktive data sikrar personvernet på ein god måte og er i tråd med dataminimeringsprinsippet i personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav c.

Det kan likevel vere utfordrande eller utilstrekkeleg for Husbanken å etablere eit testmiljø som er fullstendig anonymisert, eller der det berre blir brukt fiktive personopplysningar. Anonymisering krev at kvar enkelt personopplysning blir endra slik at det ikkje er mogleg å identifisere kven opplysningane gjeld. Dersom anonymiseringa går for langt vekk frå reelle data, kan det føre til at ein mistar eigenskapar i dataa som er nødvendige for å gjennomføre god testing. Vidare er det svært ressurskrevjande å etablere og for-

valte eit fullstendig fiktivt datagrunnlag for testing, drift og utvikling. Omsyn til effektivitet tilseier derfor også at Husbanken bør kunne nytte personopplysningar ved testing, drift og utvikling der det er umogleg eller uforholdsmessig vanskeleg å oppnå føremålet ved å bruke anonyme eller fiktive opplysningar. Før ein bruker slike data, skal ein gjere ei konkret vurdering av kor nødvendig det er, og kor stor risiko det gir, og ein skal gjennomføre eigna tiltak som pseudonymisering, logging og streng tilgangskontroll.

Departementet foreslår derfor at det blir teke inn eit særskilt rettsgrunnlag i § 8 e som presiserer når Husbanken kan handsame personopplysningane som nemnt i § 8 d i lovforslaget for å teste, drifte og utvikle IT-systema til Husbanken. Med utvikling er det sikta til at Husbanken skal kunne bruke opplysningane for å skaffe innsikt i korleis løysinga blir brukt, og vidareutvikle løysinga basert på denne innsikta. Det at personopplysningar berre kan nyttast til desse føremåla dersom det er «umogleg» eller «uforholdsmessig vanskeleg å oppnå føremålet ved å bruke anonyme eller fiktive opplysningar» inneber at Husbanken skal arbeide for å nytte anonymiserte eller fiktive opplysningar der det er mogleg. Departementet meiner at den foreslåtte formuleringa sikrar prinsippet om dataminimering i personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav c.

9 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet legg til grunn at lov- og forskriftsforslaga hovudsakleg vil få økonomiske og administrative konsekvensar for Husbanken. Forslaga legg opp til at det blir gitt klare lovheimlar i bustøttelova for når handsaming av personopplysningar er tillate. Dette vil kunne fjerne nokre tvils- og tolkingsspørsmål som følgjer av det rettslege utgangspunktet i dag, og slik sett bidrar forslaga til effektivisering. Husbanken har allereie etablert tekniske løysingar for sakshandsaming av bustøtte, lagring av data i datavarehus og automatiserte avgjerder. Lovforslaga vil derfor ikkje ha nokon omgåande økonomiske eller administrative konsekvensar for Husbanken.

Forslaget i nytt tredje ledd i § 8 legg opp til at det blir gitt ein klar lovheimel for automatiserte avgjerder, og inneber at retten til manuell overprøving blir styrkt ved at han blir forankra i lov.

Søkjaren har allereie rett til å krevje manuell overprøving i dag, men det er vanskeleg å føresjå om ei tydeleggjering av denne retten vil føre til ein auke av saker som må handsamast manuelt i Husbanken. Det er derfor utfordrande å gi overslag over framtidig ressursbruk og dei økonomiske eller administrative konsekvensane av lovforslaget. Departementet reknar det likevel som lite sannsynleg at lovforslaget vil resultere i ein vesentleg auke av slike saker. Departementet legg til grunn at eventuelle meirutgifter blir dekte innanfor den gjeldande budsjetttramma til Husbanken.

Forslaga vil ikkje få konsekvensar for kommunane. Det er berre forslaget til nytt første ledd i § 8 som gjeld kommunane. Føresegna vil gi klare og betre rammer for kommunane si handsaming av personopplysningar i samband med bustøtte.

10 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

Til § 8

Forslaget er nærmare omtalt i punkt 5 og 6.

Paragrafen gir Husbanken og kommunane eit klart og oppdatert rettsgrunnlag for å handsame personopplysningar til bruk i den ordinære saks- handsaminga etter bustøtteleova.

Nytt *første ledd* gir hovudregelen om handsaming av personopplysningar. Typiske døme på handsaming er innsamling, registrering, lagring, tilpassing, endring, attfinning, bruk, utlevering, samanstilling eller samkøyring og sletting. *Første punktum* fastset at Husbanken og kommunane kan handsame relevante personopplysningar, medrekna opplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10, når dette er nødvendig for å utføre oppgåver etter bustøtteleova. Personvernforordninga artikkel 9 og 10 gjeld høvesvis handsaming av særlege kategoriar personopplysningar, til dømes helseopplysningar, og personopplysningar om straffedomar og lovbrøt. Opplysningar som Husbanken og kommunen treng for å vurdere om søkjaren oppfyller kriteria for tildeling og utmåling av bustøtte, vil vere nødvendige etter føresegna. Typisk omfattar dette opplysningar om samansetninga av husstanden, økonomiske forhold som inntekt, formue og gjeld, og opplysningar om buforhold, slik som adresse, eigeforhold og buutgifter. Opplysningane kan også handle om særlege kategoriar av personopplysningar, som nemnt i personvernforordninga artikkel 9, som at søkjaren på søknadstidspunktet får uføretrygd, eller at bustaden er spesielt tilpassa. Husbanken hentar mellom anna informasjon frå Folkeregisteret om søkjaren og andre personar i husstanden, inntektsopplysningar frå a- ordninga og siste skatteoppgjer, opplysningar frå Nav om nokon har status som ung ufør etter folke- trygdlova, e-post og telefonnummer frå Kontakt- registeret og informasjon frå Lånekassen om ein er student. I tillegg kan søkjaren velje å dokumentere om bustaden er spesialtilpassa for å få høgare buutgiftstak.

Føresegna inneber ikkje ei utviding av den gjeldande tilgangen til å handsame personopplys-

ningar, men gjer han tydelegare av omsyn til føreseieleg handsaming og rettstryggleik. Føresegna omfattar berre handsaming som er nødvendig for sakshandsaming og forvaltning av bustøtteordninga. Føresegna gir ikkje heimel til å hente inn opplysningar om personar som ikkje lenger får bustøtte, og gir heller ikkje grunnlag for innhenting til forskings-, statistikk- eller analyseføremål.

Andre punktum gir Husbanken og kommunen tilgang til å handsame nødvendige personopplysningar om andre husstandsmedlemmer. Det kan til dømes vere ektefelle eller sambuar til den som søker om bustøtte, og heimebuande barn eller andre husstandsmedlemmer.

Andre ledd er ei vidareføring av § 8 første ledd i den gjeldande lova. Føresegna er uendra. Sjå nærmare omtale i Prop. 76 L (2011–2012) side 16 og Prop. 75 L (2014–2015) side 17 og 18.

Nytt *tredje ledd* regulerer automatisert handsaming. *Første punktum* gir Husbanken tilgang til å ta avgjerder som berre er baserte på automatisert handsaming av personopplysningar. Heimelen omfattar særlege kategoriar av personopplysningar etter personvernforordninga artikkel 9 og personopplysningar om straffedomar og lovbrøt etter artikkel 10. *Andre punktum* fastset at handsaminga av opplysningar må oppfylle krava som elles blir stilte til sakshandsaminga, og vere i samsvar med retten til vern av personopplysningar. Føresegna understrekar at Husbanken pliktar å etterleve dei krava som elles gjeld for sakshandsaming i forvaltninga, medrekna kravet om forsvarleg sakshandsaming. Det inneber til dømes at Husbanken må sørge for at saka er forsvarleg utgreidd før det blir gjort enkeltvedtak. *Tredje punktum* fastset at den registrerte har rett til manuell overprøving av vedtaket. Det inneber at Husbanken må handsame ei klage over eit bustøttevedtak manuelt.

Nytt *fjerde ledd* er ei utviding av forskriftsheimelen i § 8 andre ledd i den gjeldande lova. Føresegna gir departementet heimel til å gi forskrift om nærmare reglar for handsaming av personopplysningar og gir døme på kva ei slik forskrift kan regulere.

Til § 8 d

Forslaget er nærmare omtalt i punkt 7.

Paragrafen er ny. Han gir Husbanken eit supplerande rettsgrunnlag for handsaming av personopplysningar til forskings-, statistikk- og analysefremål. Føremålet med føreseigna er å sikre at Husbanken kan oppfylle den nasjonale kunnskapsrolla si og legge til rette for eit godt avgjerdsgrunnlag for politikkutvikling og styring på det bustadsosiale feltet.

Første ledd første punktum gir Husbanken utan hinder av teieplikt tilgang til å handsame personopplysningar som allereie er henta i medhald av bustøttelova, når dette er nødvendig for forskning, statistikk og analysar for dei føremåla som går fram av husbanklova § 1. Føreseigna omfattar opplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9. Føreseigna gir berre Husbanken tilgang til å bruke opplysningane for forskning, statistikk og analyse innanfor rammene av oppgåvene til Husbanken på det bustadsosiale feltet, som definert i husbanklova § 1. Forskinga, statistikken og analysane skal derfor mellom anna kunne brukast av Husbanken til å rapportere til kommunar og statlege organ.

Føreseigna listar ikkje opp kva for typar personopplysningar Husbanken kan hente inn og handsame, eller kven opplysningane kan gjelde. Kva for opplysningar Husbanken hentar inn som ledd i sakshandsaminga, er avhengig av det regelverket som gjeld til kvar tid, slik som kriterium for tildeling og utmåling av bustøtte. Opplysningstypar og kven opplysningane kan gjelde, er avgrensa til dei opplysningane som Husbanken har samla inn og handsama i medhald av bustøttelova. Det inneber at opplysningar som Husbanken berre handsamar i samband med andre bustadsosiale verkemiddel etter husbanklova, som tilskots- og låneordningar, fell utanfor første ledd. Føreseigna omfattar heller ikkje tilskot til etablering og tilpassing, som er regulert i bustøttelova kapittel II.

Føreseigna omfattar berre opplysningar som allereie er henta inn med heimel i bustøttelova § 8. Innhenting av nye eller oppdaterte opplysningar er ikkje omfatta av første ledd. Dersom det er aktuelt å hente inn oppdaterte opplysningar til forskings-, statistikk- eller analysefremål, må dette fastsetjast i forskrift med heimel i § 8 d andre ledd og vurderast opp mot rammene i personvernforordninga artikkel 89 nr. 1.

Andre punktum fastset at Husbanken kan lagre opplysningane til seinare bruk i forskning. Opplysningane kan lagrast utover tida då opplysningane blir oppbevarte til arkivfremål etter arkivlovgevinga. Om det er høve til å levere ut opplysningane

til forskingsfremål, må avgjerast etter reglane i personopplysningslova og forvaltningslova.

Tredje punktum fastset at handsaminga skal vere underlagd eigna garantiar som nemnt i personvernforordninga artikkel 89 nr. 1. Dette skal fremje prinsippa om føremålsavgrensing og dataminimering i tråd med personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b og c.

Andre ledd gir departementet heimel til å gi forskrift om utlevering, innhenting, samanstilling og anna handsaming av personopplysningar frå den statlege bustøtta og andre kjelder, til forskning, statistikk og analysar.

Til § 8 e

Forslaget er nærmare omtalt i punkt 8.

Paragrafen er ny. Han gir Husbanken eit uttrykkeleg rettsgrunnlag for å handsame personopplysningar for å teste, drifte og utvikle IT-systema som blir brukte til å administrere bustøtteordninga. Føremålet er å sikre at systema er pålitelege, korrekte og tilgjengelege, slik at bustøtta kan reknast ut og betalast ut korrekt og til rett tid.

Første ledd fastset at Husbanken kan handsame dei opplysningane som er nemnde i § 8 d, når det er nødvendig for å teste, drifte og utvikle IT-systema til Husbanken, men berre dersom det er umogleg eller uforholdsmessig vanskeleg å oppnå føremålet ved å bruke anonyme eller fiktive opplysningar. Føreseigna gjeld berre bruk av personopplysningar som allereie er henta inn i medhald av bustøttelova. Ho gir ikkje heimel til å hente inn nye typar opplysningar til føremåla test, drift og utvikling. I dette ligg det også ei avgrensing i at heimelen ikkje kan brukast til å teste, drifte og utvikle dei andre IT-systema til Husbanken som ikkje blir brukte til å administrere bustøtteordninga.

Føreseigna omfattar handsaming av relevante særlege kategoriar av personopplysningar, jf. tilvisinga til personvernforordninga artikkel 9 i § 8 d. Dette kan til dømes vere helseopplysningar og opplysningar som indirekte røper helseforhold, som opplysningar om at søkjaren eller nokon andre i husstanden får uføretrygd.

Utgangspunktet er at ein skal nytte anonyme eller fiktive opplysningar ved testing, drift og utvikling, med mindre dette ikkje er mogleg eller det vil vere uforholdsmessig vanskeleg å oppnå føremålet på denne måten. Dette er i tråd med dataminimeringsprinsippet i personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav c. Før ein bruker reelle personopplysningar, skal ein vurdere kor

nødvendig handsaminga er, og kor stor risikoen er, og ein skal gjennomføre eigna tekniske og organisatoriske tiltak, som pseudonymisering, tilgangsstyring og logging, for å verne rettane og fri-domane til dei registrerte.

Andre ledd gir departementet heimel til å fast-setje forskrift med nærmare reglar om handsaminga av personopplysningar i samband med testing, drift og utvikling. Døme på dette kan vere krav til bruk av testdata, rutinar for sletting og andre tryggingstiltak.

Kommunal- og distriktsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i bustøttelova (handsaming av personopplysningar og automatiserte avgjerder).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i bustøttelova (handsaming av personopplysningar og automatiserte avgjerder) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i bustøttelova (handsaming av personopplysningar og automatiserte avgjerder)

I

I lov 24. august 2012 nr. 64 om bustøtte og kommunale bustadtilskot blir det gjort følgjande endringer:

§ 8 skal lyde:

§ 8 *Innhenting og handsaming av personopplysningar*

Husbanken og kommunane kan handsame personopplysningar, medrekna personopplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10, når dette er nødvendig for å utføre oppgåver etter lova her. Tilgangen til å handsame opplysningar etter denne føresegna gjeld også nødvendige opplysningar om andre husstandsmedlemmer.

Husbanken og kommunane kan utan hinder av teieplikt påleggje offentlege styresmakter, långjevarar, utleigarar, burettslag, eigarseksjonssameige og tilbydarar av posttenester å gje opplysningar som er nødvendige for å kontrollere om vilkåra for å få bustøtte er oppfylte eller har vore oppfylte i tilbakelagde periodar. Husbanken og kommunane kan hente inn slike opplysningar direkte frå instansane som er nemnde i første punktum, og nytte dei i sakshandsaminga utan samtykke frå den det gjeld. Den som blir pålagt å gje opplysningar i medhald av paragrafen her, kan ikkje krevje godtgjering. Informasjonsplikta i personvernforordninga artikkel 14 gjeld. Reglane om bevisfritak i tvisteloven §§ 22-8 og 22-9 gjeld tilsvarende.

Husbanken kan ta avgjerder som berre er baserte på automatisert handsaming av personopplysningar, medrekna personopplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10. Handsaminga må oppfylle krava som elles blir stilte til sakshandsaminga, og vere i samsvar med retten til vern av personopplysningar. Den registrerte har rett til manuell overprøving av avgjerda.

Departementet kan gje forskrift om handsaming av personopplysningar, medrekna kva for opplysningstypar Husbanken kan handsame, kva for per-

sonar Husbanken kan handsame opplysningar om, bruk av automatiserte avgjerder og innhenting, utlevering og anna handsaming av personopplysningar frå andre kjelder enn den statlege bustøtta.

Ny § 8 d skal lyde:

§ 8 d *Handsaming av personopplysningar for forskning, statistikk og analysar*

Husbanken kan utan hinder av teieplikt handsame opplysningar som er henta inn i medhald av denne lova, medrekna personopplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9, når det er nødvendig for forskning, statistikk og analysar for føremåla i husbanklova § 1. Husbanken kan lagre desse opplysningane for seinare bruk i forskning. Handsaminga skal vere underlagd garantiar som nemnt i personvernforordninga artikkel 89 nr. 1.

Departementet kan gje forskrift om utlevering, innhenting, samanstilling og anna handsaming av personopplysningar frå den statlege bustøtta og andre kjelder til forskning, statistikk og analysar.

Ny § 8 e skal lyde:

§ 8 e *Handsaming av personopplysningar for test, drift og utvikling*

Husbanken kan handsame dei personopplysningane som er nemnde i § 8 d, når det er nødvendig for å teste, drifte og utvikle IT-systema til Husbanken, men berre dersom det er umogleg eller uforholdsmessig vanskeleg å oppnå føremålet ved å bruke anonyme eller fiktive opplysningar.

Departementet kan gje forskrift om handsaming av personopplysningar i samband med testing, drift og utvikling.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset. Dei ulike delane av lova kan setjest i kraft til ulik tid.

